

## MERKNADSSKJEMA - KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADAR

Prosjektnummer ABO: 202053000	Plannamn: Kommunedelplan for akvakultur i sjø	PlanID:
Saksnr. kommune:	Merknad knytt til: Offentleg ettersyn	Dato: 26.01.2024
Høyringsperiode	16.06.-26.08.2022	

### Kommunal/ Regional/ Statleg mynde

Avsendar, dato	Merknad	Kommentar
Kystverket 14.09.2022	<p>Kystverket har følgjande faglege råd som vi ber om vert teke omsyn til i planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) I føreseg 37. bør det vere krav om at fortøyningane skal ligge djupare enn 20 meter når dei går inn i kvit sektor.</li> <li>b) Føreseg om navigasjonsinstallasjonar bør endrast til «Vedlikehald, fjerning og nytablering av navigasjonsinstallasjonar innanfor planområdet er tillate, jf. Pbl. § 1-8, 4.ledd og § 11-11 nr.4</li> <li>c) Der fiskeriinteresser ligg i farvatn som og har status som hovud- eller bilei må det nyttast kombinert arealformål Farlei/Fiske</li> </ul> <p>Samnanger kommune sin kommunedelplan for akvakultur vart tatt opp i regionalt planforum den 14.12.2021. I regionalt planforum spelte Kystverket inn at kommunen, i si planlegging i sjøområda, måtte ta omsyn til navigasjonsrettleiinga i farvatnet og særleg kvit sektor frå fyrlyktene (som viser reint farvatn).</p> <p>Kommunen har utarbeida føreseg til dei enkelte arealbruksføremåla. Vi syner blant anna til føreseg 37.2 om akvakultur:</p> <p><b>37. Akvakultur (VA)</b></p> <p>37.1. Føremålet er akvakultur <b>og inkluderer også vassøyle og sjøbotn</b>. Heimel.: PBL § 11-7 nr. 6.</p> <p>37.2. Innanfor føremålet kan det leggjast ut akvakulturanlegg. Heile anlegget inkludert fortøyingsramme med merdar, fôrflåtar og andre tiltak/anlegg skal ligge innanfor føremålet. Det er tillate med fortøyinger innanfor området. Det er tillate å etablere landstraum ut til areala og tiltak for å sikre tilkomst frå anlegget til landsida.</p> <p>For føremålet akvakultur (VA) omfattar dette i hovudsak overflata av anlegget, der fortøyingane kan vere innanfor VA-området. Det er ikkje tatt stilling til kor djupt</p>	<p>Formuleringsa om at fortøyingane skal ligge djupare enn 20 meter når dei går inn i kvit sektor er lagt inn i føreseg 37.2 i tillegg til føreseg 41.3.</p> <p>Føresegna om navigasjonsinstallasjonar er endra.</p> <p>Føremåla som har føremål Fiske og som overlappar med farlei har fått kombinert føremål Farlei/fiske.</p>

**Avdeling Os**  
Hamnevegen 53,  
PB. 291, 5203 Os  
[post@abo-ark.no](mailto:post@abo-ark.no)

**Avdeling Stord**  
Torgbakken 9  
PB. 32, 5401 Stord  
[post@abo-ark.no](mailto:post@abo-ark.no)

	<p>fortøyingane skal ligge når dei går utanfor VA-området. Det er lagt inn ei omsynssone (H190) rundt VA-områda som omfattar fortøyingane. Dette må tolkast som om avklaring om faktisk plassering av anlegg og fôrflåte i overflata og djupne på fortøyingar skal avklarast i lokalitetsklareringa.</p> <p>Ordlyden i føresegna «fortøyingane kan vere innanfor VA-området» er lite avklarande. Vi rår til at kommunen i føresegna setter krav om at fortøyingane skal ligge djupare enn 20 meter når dei går inn i kvit sektor frå fyrlyktene.</p> <p>Våre merknader akvakulturområda VA4 (utviding av VA3):</p> <p>Det er vanskeleg ut frå kartgrunnlaget å vurdere om VA3 og VA4 kjem i konflikt med kvit sektor frå Oldervik lykt eller tett på kvitsektoren. Det er lite skipstrafikk i Samnangerfjorden, og Kystverket har vurdert at vi ikkje går til motsegn, men gir eit fagleg råd om at arealplankartet må syne ei klar avgrensing i overflata, og at føresegna sett krav til sikker djupne for fortøyingane når dei går inn i kvit sektor. Lokaliteten kan utvidast mot aust utan at utvidinga kjem i konflikt med kvit sektor.</p> <p>Kystverket har ikkje merknad til utviding av VA1, dvs. utviding av VA2.</p> <p>VKA- områda kan sjåast på som framtidige VA-områder og bør synast med fargekode for framtidig akvakultur. Desse bør ha same krav i føresegndene som VA-områda.</p> <p><b>Navigasjonsinnretningar</b></p> <p>For å halde ved lag ein trygg og sikker ferdsel i farvatnet er navigasjonsinstallasjonar av vesentleg verdi. Kystverket har eit overordna ansvar for fyrlykter, overretter, stakar, jernstenger m.m. i kommunen. Det må ikkje planleggast arealbruk som kan komme i konflikt med navigasjonsrettleininga i farvatnet. Det er særskilt viktig at det ikkje vert planlagt tiltak som kan skjerme for fyrlyktene sine sektorar.</p> <p>Vi syner til Kommunal- og moderniseringsdepartementet si rettleiing for planlegging i sjø, kap. 6.4.2 der departementet rår til at kommunen i føresegndene tar omsyn til sikker segling og framkomme. Føresegndene bør opne for å tillate etablering, vedlikehald og fjerning av navigasjonsinstallasjonar innanfor planområdet. Dette inneber at slike tiltak ikkje krev dispensasjon frå planen.</p> <p>Kystverket rår til at Samnanger kommune endrar ordlyden i føresegnden 30.4 til dømes:</p> <p>«Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar innanfor planområdet er tillate, jf. Pbl. § 1-8, 4.ledd og § 11-11 nr.4»</p>	<p>VA3 og VA4 er lagt slik at området grensar til kvit sektor frå Oldervik lykt, men går ikkje over grensa.</p> <p>VKA områda er vist som framtidige kombinerte føremål i kartet. Det er dei same krava i føresegndene for VKA-områda som for VA-områda.</p>
--	--	--

	<p><b>Fiske</b> Der det vert brukt arealføremål «Fiske» i farvatn som også har status som farlei (hovud- eller bilei), er det viktig at areal vert gitt underføremål både ferdsel og fiske. Innspel: Der fiskeriinteresser ligg i farvatn som også har status som farlei (hovudlei eller bilei) må det kombinerast med Farlei/ferdsel.</p> <p><b>Farleier og ferdsel</b> I arealplankartet ser vi at farleia (bileia) «Samnangerfjorden» er vist som juridiske samferdselslinje i samsvar med Kystverket si digitale kartløysing Kystinfo Det er viktig at framtidig arealdisponering tar høgde for at farleia er øymerkt til sjøverts ferdsel. Transport og ferdsel til sjøs skal normalt ikke hindrast av til dømes fortøyinger, lekterar, oppdrettsanlegg, bruer m.m. Det vises dessutan til kap. 6.4.2 i <i>rettleiar for planlegging i sjøområda</i>, utgitt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mai 2020</p> <p><b>Hamn</b> Hamner og større kaiar er viktige bindeledd mellom land og hav, og for folk og næringstransporten langs kysten. Det er avgjerande at hamna har høve til å utvide verksemda og ei effektiv hamneverksemd er avhengig av ein rekke faktorar, m.a. arealtilgang, tilknyting til overordna infrastruktur og kontinuerleg heilårsdrift (24/7). God og effektiv tilførselsveg til hamna må sikrast i det vidare planarbeidet, slik at hamna sin funksjon vert teken vare på og at behovet for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål vert sikra. Kommunen må gjennom sitt arbeid med arealplanar sikre det maritime næringslivet tilgang til tilstrekkelige næringsareal med tilgjenge til sjøen.</p> <p><b>Klimatilpassing</b> Arealdisponeringa til kommunen vil få følgjer for korleis kommunen vert påverka av klimaendringar. Ein klimatilpassa arealplanlegging vil redusere skadeomfanget som følgje av klimaendringar og samstundes kunne få føremoner som følgje av endringar i klimaet. Sjøtransporten er avhengig av ein tilfredsstillande maritim infrastruktur for å kunne leve gode og effektive tenester til kundane sine. Maritim infrastruktur er mellom anna farlei, fyr, merke, moloar, hamner og hamneterminalar med tilhøyrande infrastruktur. Klimaendringar knytt til havnivåstiging, vind-, bølgje-, og straumtilhøve, samt erosjon, vil gje auka utfordringar for etablering/dimensjonering, og drift/vedlikehald av maritim infrastruktur.</p> <p><b>ROS/Konsekvensanalyse</b> I kommuneplanen sin arealdel skal ei konsekvensutgreiing gjere greie for verknadar på miljø og samfunn for alle bygge-/anleggsområda. For områder i sjø kan det knytast bestemte krav</p>	<p>Føresegna om navigasjonsinstallasjonar er endra.</p> <p>Plankartet er endra slik at dei areaala som er avsett til fiske og som overlappar med farlei er avsett til kombinert føremål fiske/farlei.</p> <p>Komentaren er tatt til orientering.</p> <p>Komentaren er tatt til orientering.</p>
--	---	---

	<p>om konsekvensutgreiing til arealføremål. Kystverket vil gjennom si planmedverknad vurdere om planforslaget får konsekvensar for våre interesser.</p> <p><b>Oppsummering</b></p> <p>Kystverket syner til våre faglege råd og innspel i dette brevet og ber om at det vert teke omsyn til desse i det vidare arbeidet med planen.</p>	<p>Komentaren er tatt til orientering.</p> <p>Komentaren er tatt til orientering.</p>
Fiskeridirektoratet 31.08.2022	<p>Fiskeridirektoratet region Vest sin vurdering er at planforslaget ikke kommer i vesentlig konflikt med de interesser vi skal ivareta og det foreligger derfor ikke grunnlag for oss til å fremme innsigelse til planen. Primært ønsker vi en samordnet plan mellom Samnanger og Bjørnafjorden kommuner om arealbruk i sjøområdene, men vi registrerer at dette ikke har vært mulig å gjennomføre i denne prosessen. Vi vil gjøre oppmerksom på og opplyse nærmere om gytefeltet som er registrert i fjorden og hvilke konsekvenser dette kan ha for etablering av akvakultur.</p> <p>Fiskeridirektoratet ser det som viktig å beskytte gyte- og oppvekstområdene mot nedbygging og at det ikke åpnes for tiltak/bruk som kan øydelegge eller forringe den funksjonen disse sjøområdene har for fisken. I forbindelse med etablering og drift av akvakultur er det særlig viktig å unngå interaksjon mellom ville torskestammer og oppdrettstorsk. Iht. akvakulturdrifts-forskriften kan ikke lokaliteter for torsk etableres i gyteområder for vill torsk. Ingen av de foreslalte akvakulturområdene Sagen, Nygård, Erevika og Solbjørg i forslag til kommunedelplan kommer i direkte berøring med gytefeltet og gyteområdene som er registrert. Samtidig påpeker vi at på grunn av den smale fjordtopografien, vil det trolig være risiko for interaksjon mellom vill torsk og oppdrettstorsk under gytevandring inn fjorden. Vi ser det derfor som lite trolig at det kan gis tillatelse til etablering av torskeoppdrett i Samnangerfjorden.</p> <p>Fiskeridirektoratet listar opp relevant regelverk i sektorlovgivnaden.</p>	<p>Komentarane er tatt til orientering.</p>
NVE 18.08.2022	<b>Større høgspentliner settast av som H740 Bandlegging etter energilova</b>	

	<p>Høgspentlina mellom Samnanger og Fana er ein del av sentralnettet. Lina kryssar planområdet. Sentral og regionalnettlanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng koncesjon etter energilova er unntak fra PBL. Slike større høgspenningsliner og transformatorstasjonar må de sette av som omsynssoner (PBL § 11- 8 d/kode H740) i plankartet. H740 skal i følgje teiknereglane teiknast med svart horisontal/vertikal ruteskravering. I føresegne kan de skrive Bandlegging etter energilova.</p> <p><b>Vassressurslova er ei relevant lov</b></p> <p>I kapittel 3.2 bør de gjere greie for vassressurslova</p>	<p>I plankartet er høgspentlina mellom Samnanger og Fana vist som H740 – bandlegging etter energilova.</p> <p>Det er ikke vurdert at vassressurslova er ei relevant lov så lenge planen berre omfattar akvakultur i sjø.</p>
Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) 25.08.2022	<p>Som kommunen er kjent med, hadde Statsforvaltaren helst sett ein interkommunal plan for akvakultur i heile Bjørnafjordbassenget, men når det ikkje er mogeleg å få til, så er det positivt at Samnanger kommune på eiga hand har utarbeidd kommunedelplan for akvakultur. Sjølv om det berre ein kommune som står bak planarbeidet, så må kunnskapsgrunnlaget som skal leggjast til grunn for kommunedelplanen vere interkommunalt i den forstand at verknadene av planforslaget for sjøareal i tilstøytane kommunar òg må vurderast i planarbeidet.</p> <p><b>Naturmangfold og miljø</b></p> <p>Det er viktig at kommunen i arbeidet med KDP akvakultur ser på heilskapen i Bjørnafjordbassenget når ein skal vurdere om det er rom for ytterlegare aktivitet i høvesvis Samnangerfjorden og Trengereidfjorden, jf. naturmangfoldlova § 10. Statsforvaltaren har fleire gongar tidlegare i ulike samanhengar signalisert uro for miljøtilstanden i fjordbassenget samla sett.</p> <p>Det generelle inntrykket av planen er at kommunen langt på veg har tatt i bruk det kunnskapsgrunnlaget som finst, men samstundes saknar vi meir utfyllande vurderingar knytt til samla belastning i heile Bjørnafjordbassenget. I planforslaget er berre verknadene av dei føreslegne lokale tiltaka vurderte opp mot samla belastning, og då meir basert på kva ein trur enn basert på reelle fakta. Ein har slik vi forstår det, ikkje reelt vurdert om det er rom for eventuell ny aktivitet opp mot den samla eksisterande aktiviteten i Bjørnafjordbassenget, og eventuelt kva type aktivitet som kan vere akseptabel. Det er berre lagt til grunn at miljøkrav vil hindre eller redusere utslepp til eit nivå tilnærma lik 0, noko som per i dag ikkje er realistisk med omsyn til t.d. fiskeoppdrett. Sjølv eit lukka anlegg vil berre i mindre grad kunne bidra med å redusere utslepp (forureining), og vil difor framleis krevje ein god recipient. Vidare; sjølv om tal lokalitetar sett av til akvakulturføremål er det same, så er likevel arealet sett av til</p>	<p>Det er gjennomført dialogmøte (4. mai 2023) og meklingsmøte (27. november 2023) med Statsforvaltaren i arbeidet med kommunedelplanen. Som følgje av desse er det innarbeidd nye føresegner, og planomtalen er oppdatert. Merknadane frå Statsforvaltaren til høyningsforlaget er såleis vurdert som ivaretakne.</p>

	<p>føremålet meir enn dobla, noko som vil kunnen gje større belastning på fjordsystemet, rett nok avhengig av kva type aktivitet som vert etablert.</p> <p>Av den grunn er Statsforvaltaren ikkje samd med kommunen i at det utan vidare er rom for dei endringane som er lagt inn i planforslaget.</p> <p>Slik Statsforvaltaren vurderer det, får dessutan Nygård-lokaliteten for god score på B-undersøkingar når det ikkje er produksjon på anlegget, og skulle i tillegg hatt «svært dårleg tilstand» ved produksjon. Ved produksjon boblar det sulfid under anlegget, og grabben som hantar opp sediment hamner ofte på fjell.</p> <p>Samstundes kan akvakulturområde nyttast til ulike formål. Verknadene av nye tiltak vil såleis kunne variere. T.d. kan ein sjå føre seg at eit alternativ med tang/tare/skjell og andre lavtrofiske artar som tek opp næringssalt vil kunnen vere akseptabelt, medan lakseoppdrett ikkje er det. Det må leggjast til at fortøyingane til anlegg for taredyrking vil legge beslag på store areal. Ein må i så måte vere klar over at ein ikkje kan ferdast med båt nær slike anlegg. Tareanlegg må difor merkast godt slik at ingen tek dei med seg dersom dei ferdast i nærleiken av dei.</p> <p>Totalt sett har summen av akvakulturplanar/tiltak i Bjørnafjordbassenget etter kvart blitt ganske omfattande. Det er tidlegare gjeve løyve til eit landbasert anlegg i Bjørnafjorden kommune. I den saka vart det stilt krav om tilleggsundersøkingar der samla belastning på resipienten var eit sentralt spørsmål. Etter at det løyvet vart gjeve, har det kome ytterlegare ein reguleringsplan for eit stort anlegg trass i at vi den gong meinte kapasitetsgrensa var nådd. Såleis ser vi no eit klart behov for ei grundig vurdering av sumverknader/samla belastning på heile fjordsystemet før ein opnar for ytterlegare tiltak.</p> <p><b>Forureining og støy</b></p> <p>Særleg fiskeoppdrett kan medføre uønskte verknader på fjordsystemet i form av m.a. tilført organisk materiale og uorganiske næringssalt frå fiskefôr og avføring. I tillegg vil bruk av legemiddel, t.d. lusemiddel og vaksinasjonsmiddel og framandstoff, t.d. kopar, medføre negative miljøverknader. Det vert i så måte i konsekvensutgreilinga vist til «Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2021» som seier at det er behov for betre kunnskap om utslepp av miljøgifter frå oppdrettsanlegg.</p> <p><b>Anadrom(e) fisk/vassdrag – Villaksnorma</b></p> <p>Samnanger kommune inngår i produksjonsområde 3 der utsleppet av lakselus er høgt grunna mykje oppdrettsfisk, jf. «Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2021». Ved ein eventuell auke av biomasse på dei eksisterande lokalitetane vil ein også måtte forvente ein auke i mengde lakselus i fjordsystemet, noko som vil medføre auke i dødelelighet av utvandrande laksesmolt og beitande sjøaure.</p>	
--	--	--

	<p>Produksjonsområde 3 er elles raudt per i dag, noko som betyr at ein må redusere produksjonen i området. Vi kan ikkje sjå at denne problemstillinga er tilstrekkeleg vurdert i planforslaget. Vill laks er i tillegg og raudlista.</p> <p>Både lakselus og rømming av oppdrettsfisk er som kjent ein trussel for anadrom fisk. Det vert fanga uvanleg mykje oppdrettslaks og regnbogeaure i elveosane i både Tysseelva og Oselva. Tysseelva og Oselva har båe moderat effekt av rømt oppdrettslaks og stor negativ effekt av lakselus.</p> <p>Som eit minimum meiner vi difor at det i planen bør setjast rammer som sikrar at det ikkje vert slept ut meir lakselus. Det vil i så fall bety at ein stiller strenge krav til dei nye lokalitetane og ev. kva teknologi som kan nyttast for å oppnå kommunen si målsetjing for planarbeidet og samstundes oppfylle statlege mål for naturmangfaldet i sjø og bestandsmåla for anadrom fisk. Etter det vi kan sjå, er det nokre feil i informasjonen om vassdraga. Det står t.d. at Lakseregisteret ikkje er oppdatert sidan 2013, men det er oppdatert per 2021. M.a. har Hopselva,  <a href="https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=Hopselva&amp;id=055.3Z">https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=Hopselva&amp;id=055.3Z</a> fått «moderat» tilstand.</p> <p>Vi saknar elles òg konkrete vurderingar opp mot villaksnorma, sjølv om det går fram av konsekvens-utgreiinga at bestandsituasjonen for villaks og sjøaure Samnanger kommune og i nærliggjande fjordsystem er lite robust. Kort oppsummert seier berre konsekvensutgreiinga at det er vanskeleg å seie noko om bestandane si toleevne opp mot planframlegget.</p> <p><b>Fiskeriinteresser og gyteplassar</b></p> <p>Det er registrert fleire gyteområde og oppvekstfelt i fjorden, men ingen av desse er i direkte konflikt med føreslegne akvakulturområde. Tilsvarande er det heller ikkje direkte konflikt med fiskeplassar for passive og aktive reiskapar eller låssettingsplassar. Det er to felt for reketrål i fjorden, der det eine ligg tett på lokaliteten Erevika. Grunna miljøkrava til dette akvakulturområdet reknar kommunen ikkje dette som problematisk med omsyn til rekebestanden.</p> <p>Alt i alt vurderer kommunen at planen samla vil få noko større negativ/uendra konsekvens for fiskeriinteressene i høve til 0-alternativet.</p> <p><b>Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12</b></p> <p>Når det gjeld krav til vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 konkluderer konsekvensutgreiinga med følgjande:</p> <p><i>Påverknad på eit økosystem skal vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet er, eller vil bli, utsett for. Det er vurdert at den samla økologiske belastninga av planframlegget ikkje vert auka samanlikna med 0-alternativet, jf. naturmangfaldlova § 10. Dette med utgangspunkt i at planen opnar for like mange akvakulturområde som 0-alternativet, og i</i></p>	
--	---	--

	<p><i>planframlegget er det lagt miljøkrav på to av områda, noko det ikkje har vore på dei to akvakulturområda som er teke ut av planen. Det er totalt sett lagt inn større areal til akvakultur i planframlegget enn det som ligg inne i O-alternativet. Det er likevel ikkje vurdert at dette vil medføre større samla belastning, då dei nye akvakulturområda har miljøkrav som reduserer påverknaden frå desse områda på omgjevnadane vesentleg. Før areaala til akvakultur vert tekne i bruk i det omfanget som kommunedelplanen opnar opp for, skal forholda avklarast i konsesjonssøknad og vurdering etter sektorregelverk. Det vert lagt til grunn at denne prosessen også vil vurdere samla belastning og sikre ei berekraftig utvikling.</i></p> <p>Slik vi forstår det, så er det dermed ikkje gjort konkrete undersøkingar som kan stadfeste den faktiske situasjonen i heile fjordbassenget. Såleis kan det vere grunn til å vurdere om det er behov for ytterlegare tilleggsutgreiingar for å få eit betre grunnlag før ein tek endeleg stilling til eventuelle nye og eller utvida areal til akvakulturføremål.</p> <p><b>Vassressurslova</b></p> <p>Vi saknar òg meir utfyllande vurderingar opp mot føringane i vassressurslova utover at det i føresegne pkt. 43.3 er nemnt at sone for reguleringsmagasin H740 er sikra etter vassressurslova.</p> <p><b>Landskap og friluftsliv</b></p> <p>Akvakulturanlegg vil naturleg nok vere synlege, både i nærområdet og på avstand. Dei negative verknadene er likevel relativt avgrensa då det er lite busetnad i nærliken av dei 4 aktuelle lokalitetane.</p> <p>Planframlegget opnar elles for to nye akvakulturområde i ein avstand på om lag 600 og 900 meter frå det statleg sikra, og svært viktige regionale friluftslivområdet Rolvsvåg som er mykje brukt. Dette er eit stort friluftslivområde med badevik og svaberg. Sjølv om akvakulturområdet ved Erevika vil vere godt synleg frå dette friluftslivområdet, vurderer kommunen at planframlegget i liten grad vil påverke området sin attraktivitet, bruksmoglegheit eller skape barrierar for friluftsopplevinga.</p> <p>Vidare ligg òg Børisanden friområde ca. 300 meter frå akvakulturområdet Erevika, men dette er ei strand, utan vegtilkomst, eller busetnad og annan infrastruktur i nærliken. Det går fram av planframlegget at ein ikkje er kjent med kor mykje dette området vert brukt, men verdien av området vil bli redusert som følgje av ei eventuell etablering av akvakulturanlegg i området.</p> <p><b>Sjøtrafikk</b></p> <p>Det ligg ikkje føre kjente tilhøve som tilseier at akvakulturanlegg vil kunne medføre særlege utfordringar for sjøtrafikk i planområdet.</p> <p><b>Fortøyinger og ankerfeste</b></p>	
--	---	--

	<p>Areal avsett til akvakulturføremål inkluderer ikkje fortøyningar og ankerfeste. I staden har ein lagt omsynssoner kring akvakulturområda for å forsøke å unngå arealbrukskonfliktar. Statsforvaltaren meiner fortrinnsvis fortøyningar og ankerfeste bør inngå i areal sette av til akvakulturføremål.</p> <p><b>Samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse</b></p> <p>Statsforvaltaren har ikkje merknader til ROS-analysen utover at vi finn grunn til å presisere at reell risiko/sårbarheit skal vere heilt og fullt avklart på siste plannivå. Dersom så ikkje er tilfelle, må det stillast krav om reguleringsplan før søknad om tiltak.</p> <p><b>Samfunnsverknader</b></p> <p>Vi ser klart at ny aktivitet vil kunne føre med seg positive verknader for lokalsamfunnet i og rundt Samnanger kommune i form av m.a. nye arbeidsplassar og auka verdiskaping, men samstundes må desse fordelane vegast opp mot ulempene.</p> <p><b>Medverknad</b></p> <p>Kommunen har lagt opp til god medverknad med relevante aktørar gjennom planprosessen.</p> <p><b>Planføresegner</b></p> <p>I den grad ein skal opne for lokalitetane Erevika (VKA1) og Solbjørg (VKA2), bør planføresegn 38.3 skjerpast til nulltoleranse for utslepp. I praksis vil det truleg bety at ein ikkje kan tillate høgtrofiske artar som t.d. lakseoppdrett, men at anna aktivitet som tang/tare/skjell og andre lavtrofiske artar som tek opp næringssalt i staden for å tilføre fjorden næringssalt kan vere akseptabelt.</p> <p><b>Merknader frå andre statlege aktørar</b></p> <p>NVE har i si fråsegn to merknader som kommunen må følgje opp.</p> <p><b>Oppsummering</b></p> <p>Kommunen har som planstyresmakt vurdert og teke stilling til konkrete berekraftsutfordringar og sett mål for forvaltninga av sjøområda. Statsforvaltaren meiner difor at planarbeidet eit stykke på veg kan styrka det planmessige grunnlaget for ei vidare berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i kommunen, dersom kunnskapen vert nytta på rett måte. Det generelle inntrykket er elles at kommunen har hatt ei god målsetjing for planarbeidet og at det er gjort relevante og grundige vurderingar av lokale konsekvensar/verknader, men at samla belastning ikkje er tilstrekkeleg vurdert. Det har òg vore god dialog med næringa undervegs.</p>	
--	---	--

	<p>Framlegget til KDP akvakultur legg opp til å vidareføre tal lokalitetar, men tek ut to lokalitetar og legg i staden inn to nye lokalitetar. Dei to lokalitetane som vidareførast skal dessutan utvidast.</p> <p>Statsforvaltaren er positiv til kommunen sitt utgangspunkt for planarbeidet, dvs. at tolegrensa til fjordsystemet og naturmangfaldet ikkje skal overskridast. Det er òg positivt at kommunen fjernar to av dei inste lokalitetane i Samnangerfjorden.</p> <p>Likevel har vi problem med å forstå korleis ein med det kunnskapsgrunnlaget planforslaget byggjer på kan leggje opp til å</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) meir enn doble areala sett av til akvakulturføremål i høve til dagens situasjon, og</li> <li>b) leggje inn to nye lokalitetar</li> </ul> <p>Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er rom for utvida areal/aktivitet grunna därlege oksygentilhøve i denne delen av Bjørnafjordbassenget, därleg miljøtilstand ved produksjon, allereie därleg tilstand på fjordbotnen med omsyn til kopar, og auka risiko for dødelegheit for laks og sjøaure som nyttar fjorden til vandrings- og beiteområde. Planforslaget legg slik vi ser det, opp til ei utvikling som ikkje er berekraftig. Sjølv om ein legg opp til å stille miljøkrav til dei to nye lokalitetane, vil det likevel kunne medføre utslepp om enn i noko mindre grad enn dersom ein ikkje stiller miljøkrav. Per i dag finst ikkje teknologi som sikrar nullutslepp, Tilsvarande må ein òg rekne med auka utslepp frå dei to eksisterande lokalitetane dersom areala/drifta vert utvida.</p> <p><b>Konklusjon – invitasjon til dialogmøte (alternativt motsegn)</b></p> <p>Statsforvaltaren ønskjer å invitere til møte mellom kommunen og relevante (statlege) aktørar der kommunen får høve til å presentere planen og aktørane får høve til å kome med spørsmål og innspel før vi sender endeleg fråsegn i saka. I så fall må uttalefristen utvidast til minimum 14 dagar etter at eit slikt møte har funne stad.</p> <p>Dersom kommunen ikkje ønskjer eit slikt møte, må denne fråsegna sjåast på som ei motsegn til planforslaget slik det no ligg føre. Dette er fordi planforslaget etter Statsforvaltaren si oppfatning er vesentleg i strid med nasjonale og viktige regionale interesser på fleire område, m.a. knytt til (utgreiing av) miljøtilstanden og den samla belastninga i fjordbassenget, den negative påverknaden på anadrom laksefisk, gyeområde (m.a. torsk) og friluftslivsinteresser.</p>	
Vestland Fylkeskommune 20.09.2022	<p>Forslag til vedtak, samråystes vedteke:</p> <p>1. Fylkesutvalet meiner kommunen legg fram eit fagleg godt og oversiktleg planarbeid, og er</p>	

	<p>positive til prosessen kommunen har hatt med forvaltninga og den aktuelle næringa. Planframlegget bidreg til føreseie og berekraft for ei næring i utvikling, og dessutan til å sikre verdiar for ålmenta i og tett på Samnanger kommune.</p> <p>2. Fylkesutvalet ser det som positivt at planen legg til rette for utviding av to eksisterande oppdrettslokalitetar, og slik bidreg til berekraftig og framtidsretta utvikling for akvakulturnæringa i kommunen.</p> <p>3. Fylkesutvalet meiner det er positivt at kommunen har sett miljøkrav for dei to nye areala som er lagt inn i den sørlege delen av kommunen, med bakgrunn i miljøtilstand for vatn, og vidare at dei gamle akvakulturområda som ikkje er i bruk, vert teke ut i planen.</p> <p><b>Samandrag</b></p> <p>Samnanger kommune legg fram eit grundig og utviklingsretta planarbeid for arealbruken i sjø. I planframlegget har ein fokusert på omsyna til akvakulturnæringa si utvikling og vassforvalting, som verkar på kvarandre i Samnangerfjorden. Saman med naturmangfald har ålmenta sine interesser knytt til friluftsliv, landskap og kulturminne òg vore viktig. Føresegner til planen tar opp i seg krav og insentiv til utvikling i akvakulturnæringa, tar ut passive lokalitetar, samstundes som ein sikrar friluftslivsinteresser og omsynet til vassmiljø gjennom miljøkrav.</p> <p><b>Planfagleg vurdering</b></p> <p>Plan- og bygningslova legg til grunn at nasjonale rammer og mål sett i lov og forskrifter skal takast i vare i arealplanlegginga. Kommunedelplan-nivået har eit overordna preg, og ein skal vere varsam med å gå for detaljert inn i styringa av arealbruken.</p> <p>Kommunen nyttar miljømål i føresegnene til planen. Etter §11-9 i plan- og bygningslova kan kommunane vedta føresegner til kommuneplanen sin arealdel om miljøkvalitet, estetikk, natur og grønstruktur mv. Lova gir ikkje høve til å vedta føresegner som regulerer drift og utøving av næringsverksemder generelt.</p> <p>I planframlegget har ein nytta miljømål i føresegnene som vil gje næringa insentiv til berekraftig utvikling, samstundes som ein er klar på forventningar opp mot nasjonale vassmiljømål. Vidare er det gjort konkrete grep i arealbruken, då ein i planframlegget tek ut passive lokalitetar, medan ein fokuserer på berekraftig utviding av lokalitetar i drift. Fylkeskommunen meiner at kommunen har gjort ei god vurdering, når dei gjennom arealforvalting og bruk av miljømål for aktiviteten i Samnangerfjorden søker å styre konsekvensane på ein balansert måte.</p>	
--	---	--

	<p><b>Næringsutvikling</b>  Dei to einbruks akvakulturområda i planen er knytt til to eksisterande oppdrettslokalitetar i kommunen. Desse areala er ønska utvida i planframlegget. Ei slik utviding er gunstig i eit næringsperspektiv, og i tråd med ønske om større fleksibilitet for oppdrettsaktørane, slik at anlegga sin plassering kan optimaliserast med tanke på fortøyning, botnforhold m.m.</p> <p>Nærings-, busettings- og sysselsettingseffekta av dei sjøretta næringane er nemnt i eige avsnitt. Samnanger er ein relativt liten kommune med 2500 innbyggjarar, og derfor sårbar for tap av aktivitet som kan redusere fast busetting.</p> <p><b>Vassforvalting</b>  Arbeidet med ny Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion er omtalt på s. 7 i planomtalen og bør oppdaterast til dagens status: Vestland fylkesting vedtok forvaltningsplan, tiltaksprogram og handlingsprogram for planperioden 2022- 2027 den 21.03.2022. Forvaltningsplanen inneholder ei oppdatert oversikt over påverknader og miljøtilstand og det er sett miljømål for alt vatn i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. Tiltaksprogrammet foreslår tiltak for å førebygge og forbetra miljøtilstanden i vatnet og handlingsprogrammet er ein plan for oppfølging av desse planane.</p> <p>Databasen vann-nett er del av den regionale vassforvaltningsplanen og difor eit datagrunnlag for kommunale planar. Ifølge vann-nett har Samnangerfjorden-indre moderat økologisk tilstand og er i risiko for ikkje å nå miljømålet innan 2027. Kjemisk tilstand er ikkje definert. Det bør nemnast at kunnskapsgrunnlaget er noko forelda, og ein bør tenkje «føre var – prinsippet» i høve til natur og miljø.</p> <p>I Samnangerfjorden-ytre er det utført resipientgranskning i 2021 i samband med utarbeiding av kommunedelplanen, og resultata går fram av vann-nett og rapporten 3583 som er vedlagt høyringa. Kjemisk tilstand er definert som dårlig og økologisk tilstand som moderat, men vassførekosten er vurdert til ikkje å vere i risiko då det er forventa at miljømål vert innfridd med dagens påverknad.</p> <p>Miljøtilstand for Samnangerfjorden indre og ytre er omtalt i kap. 5.4.1 (side 25) i planomtalen. Her bør ein rette opp at Samnangerfjorden (indre og ytre) har «moderat» økologisk tilstand og ikkje «middels». Vidare står det mellom anna:  <i>Det er ikkje avdekkja at det er særskilte tilhøve i kommunen, ut frå dagens kunnskapsgrunnlag, som peiker mot naudsyn for strengare føringer i Samnanger enn nasjonale føringer når det gjeld omsynet</i></p>	<p>Informasjonen om den regionale planen for vassforvaltning er oppdatert.</p> <p>Kommunedelplanen legg strenge føringer for både endringar og nye etableringar av akvakultur i kommunen. «føre var-prinsippet er såleis generelt lagt til grunn for vurderingane som er gjort i planen.</p> <p>Planomtalen er oppdatert slik at «middels» er erstatta med «moderat».</p>
--	---	---

	<p><i>til vill laksefisk. I vurderingane av endra arealbruk ved eksisterande lokalitetar er det vanskeleg å påvise problemstillingar som utløyser behov for miljøkrav.</i></p> <p>Det er uklårt for fylkeskommunen kva som er meint med dette avsnittet. På generel basis veit ein at utskifting av vatn i fjordar på vestlandet har endra seg den siste 10 års perioden i negativ retning og dermed også oksygentilhøva i fjorden. Dette gjer det risikofylt å auke organisk belastning i slike område dersom ein skal nå miljømålet i forvaltningsplanen.</p> <p>Fylkeskommunen ser det som positivt at det er sett miljøkrav for dei to nye areala som er lagt inn i den sørlege delen av kommunen, med bakgrunn i miljøtilstand for vatn, og vedtak gjort av naturutvalet i kommunen i samband med handsaming av planprogrammet.</p> <p>Fylkeskommunen er positiv til at dei gamle akvakulturområda som ikkje er i bruk, vert teke ut av planen. Auka aktivitet lengre ute i Samnangerfjorden kan føre til auka næringsbelastning i fjorden, og det bør difor leggjast til rette for aktivitet som har lågast mogleg næringsavrenning. I vann-nett er det registrert at Tysseelva er påverka av lakselus i stor grad. Anlegga som ligg i Samnangerfjorden har hatt lite lakselus, slik at hovudsmitta av lakselus truleg kjem frå område utanfor Samnangerfjorden.</p> <p><b>Akvakultur</b></p> <p>Marine næringar er eit prioritert satsingsområde for Vestland fylkeskommune. Det er viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa. Med bakgrunn i dette, gjev fylkeskommunen innspel til planframlegget, og då konkret til føreseggnene.</p> <p>At fortøyinger kan gå utafor akvakulturområdet må gå fram av føresegna knytt til AK-områda (37.2 og 37.3), og ikkje berre i føresegner til omsynssoner/sikringssoner (jf. føresegn 41.3). Det bør stå i føreseggnene til Akvakulturområdet at <i>Fortøyinger kan gå utom AK-føremålet om det ikkje er til hinder for fiske eller anna aktivitet.</i></p> <p>Føresegna 37.4 "Produksjon knytt til akvakultur skal minst vera i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande utsleppsløye etter forureiningslova," er ikkje naudsynt i ein plan etter plan- og bygningslova. Akvakulturlova regulerer akvakultur, og for å få løyve til produksjon må det vere gitt løyve etter forureiningslova.</p> <p>Kommuneplanen skal avklare arealdisponeringa i sjøen. Miljøkonsekvensar av akvakultur vert elles handsama i arbeidet med lokalitetsgodkjennningar etter akvakulturlova. Fylkeskommunen har ansvar for tildeling av løyve og klaring av lokalitetar, og her er relevante myndigheter involvert. Tildeling vert vurdert ut frå planlagt drift, biomasse og</p>	<p>Føreseggnene er oppdatert, og formuleringa om at fortøyingane kan gå utanfor AK-områda er lagt inn i føresegn 37.2.</p>
--	--	--

	<p>antatt risiko for naturmiljøet. I tildelinga kan det settast vilkår slik at miljøbelastninga blir minst mogeleg. Kommuneplanen skal stå seg over fleire år, og det er sær sannsynleg at det vil skje ei teknologiutvikling i næringa som endrar premissane for dei vurderingane som vert gjort i dag. Teknologiutviklinga kan kunne føre til andre arealbehov og endra/minimert miljøbelastning i høve dagens situasjon. Innanfor akvakulturforvaltninga er det etablert eit omfattande system for både tildeling og tilsyn som skal ivareta dei omsyn som kommunen særskilt er oppteken av.</p> <p>Føresegner 41.2 og 41.3 omhandlar delvis tema som vert handsama etter Akvakulturlova, og som det ikkje er naudsynt å ta inni føreseigner i planar etter plan- og bygningslova: Vurdering av skredfare i føresegn 41.2, og at søknadar om nye/endra fortøyingslinjer og ankerfeste skal belyse verknadar for ferdsel, fiskeplassar, gytefelt/gyteområde, oppvekstområde/beiteområde, biologisk mangfold og kulturminne m.m. i føresegn 41.3.</p> <p><b>Konklusjon akvakultur</b>        Det er uheldig med føreseigner som vert tatt hand om av anna lovverk i ein søknadsprosess. Etter vår vurdering kan føresegnerne 37.4 takast ut. Vidare kan det tydeleggjerast i føresegnerne til alle akvakulturføremåla at fortøyinger kan gå utanfor dei planlagde føremålsgrensene.</p> <p><b>Kulturminne og kulturmiljø</b>        Då planforslaget ligg i sjøareal, vart saka send over til Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering. Museet kjenner ikkje til særlege funn i områda sett av til akvakultur. Me har heller ikkje informasjon om at dei planlagde områda for akvakultur i planprogrammet har vore nytta som hamn eller ankringsplass i eldre tider.</p> <p>Det er kjent fleire kulturminne frå nyare tid, SEFRAK-registrerte bygningar, på landarealet ved Sagen. Sagen er eit neverande anlegg, Sagen I, som har konstruksjonar både på land og i sjø, og som er føreslege utvida i sjø som Sagen II. Dersom det vert planlagt framtidige tiltak på land som fylgje av utviding i sjø, skal desse sendast over til Vestland fylkeskommune for vurdering i høve til bygningsmassen frå nyare tid og automatisk freda kulturminne. Det neverande anlegget på Nygård har og nokre SEFRAK-registrerte bygg langs med land. Vestland fylkeskommune ber om at dersom det vert aktuelt med tiltak på land som fylgje av utviding av akvakulturområdet i sjø, skal desse sendast fylkeskommunen for vurdering i høve til kulturminne og kulturmiljø og automatisk freda kulturminne. Det same vert og påkravd for eventuelle inngrep på land for dei framtidige areala Erevik og Solbjørg.</p> <p><b>Strandsona og friluftsliv</b></p>	<p>Føresegnerne 37.4, 41.2 og 41.3 vert ikkje endra, då dei kan gi nyttig informasjon sjølv om dei dels opplyser om forhold som vert styrt etter anna lovverk. Formuleringa om at fortøyingane skal ligge djupare enn 20 meter når dei går inn i kvit sektor er lagt inn i føresegn 37.2 i tillegg til i føresegn 41.3.</p>
--	---	---

	<p>Vestland fylkeskommune ser det som positivt at planframlegget har lagt til grunn Regional plan for kystsoneforvalting i Sunnhordland og ytre Hardanger. Vi viser elles til reviderte statlege planretningslinjer for strandsona og den digitale rettleiaren som fylkeskommunen har utarbeidd.</p> <p>Knytt til planområdet er eit statleg sikra friluftsområde, Rolvsvåg. Området er skildra som eit romsleg friluftsområde med badevik, svaberg og god tilkomst med parkeringsplass. Området er lokalt mykje nytta. Det er kai og fortøyingsboltar, gangvegar, bord og benker, grill, toalett, og informasjonstavle i området. Planen som ligg føre skal gjelde sjøareala, men vil også ha verknad for kystsona elles. Strandsoneareala har eigenverdi, og tilgangen til desse frå land og sjø, også visuelt, er viktig for ålmenta. Vestland fylkeskommune ser det som positivt at dette er sikra i føresegna.</p> <p>(...)</p> <p><b>Konklusjon</b></p> <p>Framlegg til kommunedelplan for akvakultur i sjø supplerer arealforvaltinga kommunen gjer gjennom overordna planar. Vestland fylkeskommune er positiv til arbeidet, og dei vurderingar og avvegingar som er gjort mellom ulike omsyn. Vi har særlege innspel til planframlegget med omsyn til kulturminne og kulturmiljø, vassforvalting, og til føresegna når det gjeld vilkår for akvakulturanlegg.</p>	
Bjørnafjorden kommune, 25.08.2022	<p>Gjeldande kommuneplan i Bjørnafjorden vest er kommuneplan for tidlegare Os kommune. Der er det vist eit område for akvakultur ved Ospevika, rett sør for kommunegrensa mot Samnanger. I framlegg til ny kommunedelplan for Bjørnafjorden vest er dette området litt utvida, pluss at det er lagt inn ei sikringssone (H190) rundt for å sikre forankring av anlegget. Pr. i dag er det ikkje noko anlegg som ligg innan dette området.</p> <p>Gjeldande kommuneplan for Bjørnafjorden aust er kommuneplan for tidlegare Fusa kommune. Fusa kommune utarbeida eigen kommunedelplan for akvakultur som vart godkjent i 2019 og som inngår i gjeldande kommuneplan.</p> <p>Bjørnafjorden kommune ser ikkje at denne planen har særlege konsekvensar for vår kommune, så lenge ein tar naudsynt omsyn til avsatt område for akvakultur ved Ospevika. Bjørnafjorden kommune har elles ingen særlege merknader til planen.</p> <p>Bjørnafjorden kommune ber bare om at det vert tatt ein ekstra runde med korrekturlesing før godkjenning. Stort sett er alle kart og henvisningar til Bjørnafjorden kommune rett, men enkelte stader er det fortsatt vist til Os kommune og Fusa kommune der det skulle vore vist til Bjørnafjorden kommune.</p>	Planomtalen er retta opp slik at det no skal vera vist til rett kommunenamn.

Lag / private merknadar

Avsendar, dato	Merknad	Kommentar
Samnanger næringsforum, 17.08.2022	<p>Næringsforumet meiner planarbeidet med konsekvensutgreiing og ROS analyse på god og oversiktleg måte skildrar tilhøva for eksisterande og ny akvakultur i fjorden. Forumet har fylgjeleg lite å føya til, men legg likevel med ei oppsummering av det som er vektlagt ved gjennomgang av planen.</p> <p><b>Sjøkabel Ospevika til Noa Krafa</b>  Aker BP og Equinor søker om konsesjon for bygging og drift av nytt landstrømanlegg medutgangspunkt i Børtdalen til olje/gass plattformene Noa /Krafla i Nordsjøen.Tiltaket inneholder opparbeiding av ein utandørs, 420 kV brytar-felt i eksisterande Samnangertransformatorstasjon, ein 420/145 kV transformatorstasjon i Børtdalen og ein 145 kV kompensering stasjon i Årskog i Fitjar kommune.</p> <p>Ei ny kraftline mellom ny transformatorstasjon i Børtdalen til landfall for fjord-kabel ved i Ospeviki vert planlagt etablert som en 145 kV luftleidning. Frå Ospeviki til Årskog (Fitjar kommune) og vidare til oljefelta, er planen å leggja ut fjord- og sjøkabel. Det det er mogeleg og hensiktsmessig - og botnforholda tillèt det - vil kablane gravast ned eller spylast ned ved hjelp av ROV-utstyr. Det er også eit alternativ å fylle over kablane med sand. Hensikta er å beskytta kabelen mot mekaniske påverkingar som for eksempel anker og fiskeutstyr.</p> <p><i>Det er framleis uklårt om bygging av kabelen vert realisert, men styret i Næringsforumet meiner at «føre var prinsippet» bør gjelda i denne saka. Fjord- og sjøkabelen (om den vert bygd) vil ha betydning for akvakulturplanen, særleg med tanke på fortøyingsliner og ankerfeste for oppdrettsanlegga. Dette gjeld for eksisterande anlegg ved Nygård så vel som for nye anlegg ved Ervika og Solbjørg. Sjøkabelen bør derfor omtalast, og eventuelle «avgrensinger» påpeikast, i den nye akvakulturplanen dersom det viser seg at næringa må ta omsyn til kabelen når det gjeld for eksempel skipstrafikk , oppdrettsnæring, fiske og a sjømat- næring generelt.</i></p> <p>Det går fram av KPA for akvakultur datert 10.05.2022 at det ikkje er registrert ankringsplassar i fjorden. Næringsforumet meiner dette ein svakheit, særleg no når det ser ut til at me får ein 145 kV Fjord og sjøkabel gjennom det meste av Samnanger fjorden. På spørsmål frå Næringsforumet har tiltakshavaren for fjordkabelen varsla at</p>	<p>Det er ikke lagt inn omtale eller informasjon om kraftlinia i planmaterialet.</p> <p>Det er ikke registrert ankringsplassar i kommunen i Kystverket sin database, og dette har heller ikkje vore tema for</p>

	<p>avbøtande tiltak som at skilting vert utført i samsvar med gjeldande regelverk og vil inngå i MTA planen.</p> <p>Utanom kommentarane som er nemnt ovanfor, synes Næringsforumet at Kommunedelplan for akvakultur i sjø 2022 – 2031, med tilleggsutgreiingar og notat, er godt gjennomarbeida og tek omsyn til det meste som kan ha betydning for eksisterande og ny verdiskaping innan akvakultur i Samnangerfjorden.</p>	planen, då dette er ein plan for akvakultur i sjø.
Fiskarlaget 26.08.2022	<p>Vest,</p> <p>Fiskarlaget Vest visar til vår uttale av 21.01.21 og peikar igjen på viktigeita av heilheitleg planlegging av sjøområda på tvers av kommunegrenser. Ein finn det ueheldig at ein lagar ein kommunedelplan for sjøområda dedikert til akvakultur og ikkje ein generell plan for sjøområda.</p> <p>Fiskerinæringa er avhengig av god forvalting av sjøområda. Det er positivt at dei fleste av fiskeområda som er registrert i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy, òg er registrert i plankartet som er til høyring. Samtidig registerer ein at låssetningsplassane i Aldalen og Steinslandsvisa ikkje er registrert i kommunedelplankartet i tråd med Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Ber om at desse blir registrert.</p> <p>Fortøyinger, særleg fortøyingsområde H 190-2, må ikkje hindre mogleiken til å bruke fiskeområda i Trengereidfjorden til notfiske og eventuelt slepe fangst inn til låssetningsplass. Det bør stadfestast i føresegnene. I tillegg bør det påpeikast at etablering/endringar ved akvakulturanlegg inkludert fortøyinger må gjerast i dialog med Fiskarlaget Vest.</p>	<p>Låssetningsplassen Aldalen ligg dels inne i plankartet, medan Steinslandsvisa ikkje ligg inne i plankartet.</p> <p>Kommunedelplanen omfattar berre akvakultur, og andre føremål er vidareført utan at det er gjort ei vurdering av desse.</p> <p>Det er presisert i føresegn 41.3 at fortøyingsliner og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssetningsplassar (...) eller fiskeplassar med aktive reiskap.</p> <p>Det er lagt plankrav på alle AK-områda i planen, og Fiskarlaget Vest vil vera naturleg høyringspart i eventuelle reguleringsplanprosesser.</p>

Norges Jeger- og Fiskerforbund, 29.08.2022	<p>Det er godt dokumentert at særlig spredning av lakselus og rømt laks fra akvakultur har en stor negativ påvirkning på ville bestander av laks og sjøaure. I Samnanger er det gjort en stor innsats gjennom mange år for å bygge opp gode bestander av laks og sjøaure i Tysseelva. NJFFs lokallag i Kommunen, Samnanger JFL, har drevet aktiv kultivering, jobbet for bygging av flere fisketrapper, og utført mye lokal dugnad (klekkeridrift, utsetting av fisk, utfisking av rømt laks, stamfiske osv.) På tross av all innsatsen ser vi vedvarende problemer i flere tiår med rømt laks, og nedgang i bestander av laks og sjøaure i Tysseelva og andre mindre lokale elver og bekker.</p> <p>NJFF mener at Samnanger kommune på sikt bør kreve en overgang til lukka anlegg for å redusere miljøproblemene lokalt med lakselus, rømming og eutrofiering/forurensing av fjorden. Kommunen bør eksempelvis kreve at hvis produksjonen på en eksisterende lokalitet skal økes, så må hele lokaliteten lukkes, ikke bare volumet man øker med. NJFF stiller seg kritisk til den store økningen i areal tilknyttet de to eksisterende lokalitetene. Sjøarealet i kommunen er relativt lite, og en slik økning vil gå på bekostning av andre gruppens bruk av fjorden. En eventuell økt produksjon på de eksisterende lokalitetene vil også gi ytterligere økt forurensing av fjorden.</p> <p>NJFF ser imidlertid positivt på at Samnanger kommune ønsker å avsette egne områder øremerket til lukket (eller eventuelt semilukket) akvakultur, som beskrevet i planforslaget.</p> <p>Skal oppdretterne regionalt få vekst er det kun en overgang til større bruk av lukka eller semilukka anlegg som kan løse disse problemene med lakselus, slik at de får grønt lys for vekst. Da er det viktig og riktig at Samnanger kommune stiller strenge miljøkrav om nettopp bruk av semilukka eller lukka anlegg på de to nye lokalitetene. På sikt vil trolig oppdretterne selv, og ikke minst villaksen og sjøauren og fjordmiljøet i kommunen tjene på dette.</p>	<p>Det er gjort endringar i plandokumenta som sikrar at dei nye kombinertføremåla med akvakultur berre kan brukast til akvakultur utan utslepp. Det er i tillegg lagt eit generelt plankrav på alle områda, både dei eksisterande og dei nye områda. Det er lagt inn eit generelt miljøkrav om at løyve til tiltak (inkludert utviding av eksisterande lokalitetar) berre kan gjevest dersom det ikkje blir forverring av miljøtilstand i resipienten/vassførekomsten og for vill anadrom fisk.</p>
Samnanger Jeger og Fiskarlag,	<p>Samnanger Jeger og Fiskarlag stiller seg svært kritisk til utviding av areal og produksjon av nåværende anlegg i Samnangerfjorden. Samnangerfjorden er ein terskelfjord, og det burde ikkje vert oppdrettsanlegg i fjorden i det heile. Samnanger JFL har ansvar for drift og kultivering av Tysseelva som er ei lakseførande elv innerst i Samnangerfjorden. Tysseelva er hardt råka av oppdrettsnæringen sine negative sider.</p> <p>Utsleppa frå åpne oppdrettsanlegg i fjorden er og store. Noko så gjør at bunnforholda i fjorden blir målt til Dårlig i produksjonstiden. Det er og målt spor av tungmetaller i</p>	<p>Det er gjort endringar i plandokumenta som sikrar at dei nye kombinertføremåla med akvakultur berre kan brukast til akvakultur utan utslepp. Det er i tillegg lagt eit generelt plankrav på</p>

	<p>fjorden som stammer frå oppdrettsnæringen. Fisk i fjorden blir og forurensa av spillfor fra anlegga.</p> <p>Samnanger JFL går derfor sterkt i mot utviding og nye etablering av åpne oppdrettsanlegg i Samnangerfjorden. Anlegga som er i fjorden burde fått pålegg om Null utslepp og lukka anlegg så snart som mulig. Samnanger JFL er positiv til oppdrett med null utslepp og lukka anlegg.</p>	<p>alle områda, både dei eksisterande og dei nye områda. Det er lagt inn eit generelt miljøkrav om at løyve til tiltak (inkludert utviding av eksisterande lokalitetar) berre kan gjevast dersom det ikkje blir forverring av miljøtilstand i resipienten/vassførekomsten og for vill anadrom fisk.</p>
Mona Nordvik, Tove B. Nordvik og Synnøve Nygård Øien, 25.08.2022	<p>Innspill til kapittel 4.2.4 Friluftsliv og rekreasjon:</p> <p>Det refereres innledningsvis til at grunnlagsmaterialet er blant annet kommuneplan Samnanger og lokal kunnskap om bruken av sjø og strandsone og at det er flere områder med friluftsverdi i kommunen, både statlig sikra områder og friluftsområder med lokal verdi. Rolvsvåg og Flesjane nevnes naturlig nok i detalj da de er statlig sikra områder, men hvis dokumentet skal beskrive innbyggernes bruk av fjorden og kystlinjen og hvilke friluftsressurser kommunen har vil det være naturlig å nevne alle de områdene i strandsonen som er regulert til friluftsområder i kommunen sin arealplan. Flere av disse har stor lokal verdi og har vært mye i bruk i flere generasjoner til friluftsliv, fiske, bading og båtliv. Gjerne presentert i et kart tilsvarende figur 8 på s.14 i planomtalen.</p> <p>Det er viktig at noen friluftsområder kan nås også uten tilgang på båt, og på begge sider av fjorden, og det har Samnanger kommune oppnådd med de friluftsområdene som er regulert i arealplanen. Sandvikasanden er f.eks et viktig lokalt friluftsområde for innbyggere på denne siden av fjorden der det i generasjoner har vært tradisjon for bruk av området til friluftsliv, fiske, båtliv og bading. Ospevika og Børøysanden er andre strender som er viktige lokale friluftsområder på den samme siden av fjorden.</p> <p>Tilgjengeliggjøring av friluftsområder i kommunen kunne gjerne være et tema i det videre planarbeidet. Det bør finnes lett tilgjengelig informasjon om de friluftsområdene som finnes i kommunen på kommunens nettsider, merking av tilkomstvei til disse, og en vurdering av behov for tiltak for å vedlikeholde områdene. For eksempel ved Ospevika er det to fine strender og variert terreng for aktiviteter med både gangvei og</p>	<p>Innspelet vert tatt til orientering</p>

	busstopp like ved, men det er skygge mesteparten av dagen pga svært høye grantrær i strandkanten. Er det noen muligheter for kommunen å gjøre enkle grep for å gjøre området mer brukervennlig på sommerstid?	
Kristina Sandvik, 25.08.2022	<p>Det refereres innledningsvis til kapittelet 4.2.4 Friluftsliv og rekreasjon, hvor det påpekes at det er flere områder innad kommunen med friluftsverdier, både statlig sikrede område men også områder med lokal/regional verdi. Det er uklart/vagt i planen hvilke områder som det tenkes har lokal/regional verdi, da disse hverken er nevnt i teksten eller avmerket på kart.</p> <p>Det er viktig å sikre tilgjengelige bade og friluftsområder på begge sider av fjorden, hvor en har tilgang -også uten båt, slik kommunen tidligere har fått godt til i planene som har vært. Og det ville være naturlig at også disse stedene blir spesifikt nevnt. Det er også viktig at verdifulle og viktige områder for lokalbefolkningen ikke forsvinner og går tapt.</p> <p>Flere områder enn dem nevnt, har svært viktig verdi. Sandvikasanden, men også Ospevika og Børøysanden er blant viktige områder for lokalbefolkningen og har gjennom generasjoner hatt lang tradisjon for bading, båtliv, fiske med mer. Det er også per dags dato vanskelig å finne informasjon om disse områdene på kommunens sider. Tidligere lå det en liste over "tilgjengelige badeplasser i Samnanger kommune" på kommunens nettside, hvor det samtidig låg kort og tydelig info om hver plass samt i noen tilfeller bilder. Denne oversikten er nå borte, evt svært vanskelig å finne. Kanskje kan kommunen arbeide for en forbedring når det gjelder tilgjengelighet og tydelig merking av friluftsområdene i kystsonen i den nye planen og i tiden fremover.</p>	Innspelet vert tatt til orientering